



Ecademy - Hege Børke Lillekroken

Dato: 25.11.2015
Vår ref.: 2014/12978-58
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.:

Tilskot til fagskuleutdanning i helsefag - søknad om nye plassar for 2016 eCademy

Syner til søknad av 15.10.2015.

Hordaland fylkeskommune gjev etter delegasjon frå Utval for opplæring- og helse eit tilskot til inntil 15 nye studentar ved fagskuleutdanning i helse- og sosialfag over kapittel 0761.60 på statsbudsjettet for 2015. Tilskotet vert gjeve etter følgjande fordeling:

Helsekoordinator og/eller Helseadministrasjonssekretær:
15 studentar x 52 500,-/4 Sum: 196 875,-

Tilskotet vert berekna etter gjeldande satsar per student multiplisert med tal på heiltidsekvivalent studentar 1. mars og 1. oktober delt på fire semestra, jf. kunngjøring av tilskotsordninga på Helsedirektoratet sine nettsider: <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/fagskuleutdanning-i-helse-og-sosialfag>.

Den einskilde tilbydar har høve til å omfordela tilskotet mellom dei NOKUT-godkjente utdanningane innanfor tildelt ramme fram til 1. mars 2016 som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot.

Mål og føringar

Føremålet med tilskotsordninga er å sikre ein stabil og føreseieleg finansiering av fagskuleutdanning i helse- og sosialfag. Tilskotet skal dekkje driftsutgifter for fagskuletilboda som vert omfatta av ordninga.

Hovudmål

- Heve kompetansen på sentrale fagområde i den kommunale omsorgssektoren
- Tilby personell ein karriereveg
- Realisere nasjonale måltal for utdanningsaktiviteten
- Sikre utdanningstilbod over heile landet gjennom å ivareta både regionale, interregionale og nasjonale fagskuletilbod

Kriteria for måloppnåing

- Tal på registrerte studentar
- Tal på fullførte kandidatar

- Fordeling av studentar etter fagområde og type tilbod

Tilskotet er gjeve ut frå tilskotsordninga sitt regelverk (del 2), jf. Helsedirektoratets kunngjering.

Tilskotet er gjeve til føremålet som omtala i dette brevet. Midlane kan ikkje verte omdisponert eller verte nytta til andre føremål enn det som er omtala i dette brevet. Om midlane ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal dei verte betalt tilbake til Hordaland fylkeskommune. Eventuell feil bruk og mislighald av tilskotet vil kunne medføre rettslege tiltak.

Klagerett

I høve Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kapittel 6 kan det ikkje klagast på avgjersle om tilskot og vilkår i dette brev, av di avgjersla ikkje er eit enkeltvedtak.

Utbetaling og krav om stadfesting

Tilskotet vert betalt ut to gonger i året etter offisiell frist for studentteljing 15. oktober og 15. mars. Tilbydar må sende ein oversikt over studenttal ved dei to teljetidspunkta til fagskole@hfk.no. Dersom tilbydar har fått betalt ut for mykje tilskot i høve revisorstadfestinga vil beløpet verte justert ved neste tildeling, eventuelt må beløpet verte betalt tilbake til fylkeskommunen.

Tilskotet vert utbetalt når Hordaland fylkeskommune har motteke godkjent:

- Rapportering i høve til fjorårets tilskotsbrev, dersom tilbydaren har motteke tilskot under same tilskotsordning frå Hordaland fylkeskommune i fjor.
- Den vedlagte stadfestinga i utfyllt og signert stand
- Tal på studentar per. 1. oktober og 1. mars.

Kontroll av tilskotsmottakar og dokumentasjon

Hordaland fylkeskommune tek atterhald om rett til å kontrollere at midlane vert brukt etter føresetnadene, jf § 10, 2. ledd i Bevillingsreglementet. Hordaland fylkeskommune gjer tilskotsmottakar også merksam på at Riksrevisjonen har tilgang til å kontrollere om tilskotet vert nytta etter føresetnadene. Dette er heimla i Lov om Riksrevisjon § 12, 2. ledd.

Hordaland fylkeskommune krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller berekninga av tilskotsbeløpet, skal verte oppbevart for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunkt tilskotsbrevet vart motteke.

Andre tilsyn eller kontroller

Vi ber om at rapportar/resultat frå eventuelle offentlege kontroller eller tilsyn vert sendt fortløpande til Hordaland fylkeskommune.

Rapporteringsfrist med revisorkontroll

Tilbydar skal rapportere til Hordaland fylkeskommune seinast innan 01. februar 2016 med revisorkontroll for dei to teljetidspunkta 1. mars og 1. oktober 2015. For aktivitetar som går over fleire år, skal tilbydar rapportere kvart år ein mottar tilskot.

Rapportering i høve måloppnåing

I tillegg til revisorstadfesting ber Hordaland fylkeskommune om ein kortfatta rapport som gjev ein framstilling av følgjande punkter:

- Tilskotsordninga si tyding for kompetanseheving i den kommunale omsorgssektoren
- Søking, opptak og gjennomstrømning

- Fagskuleutdanninga som karriereveg, løn- og stillingsavansement for personar som har tatt utdanninga

Revisorkontroll og rapportering av studenttal

Skjema som tilbydar skal nytte for revisorkontroll og rapportering finn ein som vedlegg til kunngjeringa av tilskotsordninga på Helsedirektoratet sine nettsider. Avtalte kontrollhandlingar skal verte gjennomført i samsvar med Den norske revisorforenings standard ISRS 4400 «Avtalte kontrollhandlingar». Kontrollen omfattar studenttal og studieadministrative system.

Revisor skal få en kopi av dette brevet ved revisjon eller avtalte kontrollhandlingar knytt til dette tilskotet.

Søknadsfrist for neste års tilskot

Det må søkjast om tilskot for nye studentar til hausten 2016. Frist for å søkje tilskot er 1. mars 2016. Kunngjering vil verte publisert under www.hordaland.no.

Ver venleg å før på all korrespondanse vårt saksnummer 2014/12978.

Vi ønskjer lykke til med fagskuleutdanninga og ser fram til å høyre om resultatata!

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Adeline Berntsen Landro
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Aksept av tilskot